

**[Nasjonalt Garborgsenter: ] UNGDOMMANE ENGASJERAR SEG**

Nasjonalt Garborgsenter skal etablerast på Bryne, og i midten av august vert det fyrste spadestikket teke til bygninga som skal bli folkebibliotek og Garborgsenter. Bygget skal stå ferdig hausten neste år, med opning av Garborgsenteret i 2011. Viktige oppgaver i tida framover vert å planleggja innhald og aktivitetar i senteret. Sjølv om senteret skal venda seg til eit allment publikum, vil me leggje stor vekt på å nå unge menneske i alderen 15 - 25 år. Det er etablert ei referansegruppe på 18 ungdommar frå Asker, Tynset og Time som skal bidra til at innhaldet og oppgåvene til Garborgsenteret treff den rette målgruppa. Dei engasjerte ungdommane hadde i juni ei 2-dagars samling der dei mellom anna kom med tilbakemeldingar til innhaldet i utstillinga, utval i butikk og kafétilbod.

Garborgsenteret er óg involvert i valprosjektet "Mot til å meina", retta mot dei under 26 år. Prosjektet har som mål å få fleire unge til å delta i politisk arbeid og nytte røysteretta si ved valet i 2011. Vidaregåande elevar frå Time, Sauda og Hjelmeland er med i ei prosjektgruppe som skal gi råd om korleis ein kan motivera ungdom til meir engasjement og til å meine noko.

Oppstart av prosjektet "Mot til å meina". Her er ungene i gang med å velga ut den reklameplakaten dei ynskjer å bruka i prosjektkampanjen.

**[Vistnestunet]: ] OPEN GARD PÅ VISTNESTUNET**

Over 100 besøkande tok turen til Vistnestunet søndag 7. juni då Jærmuseet og Randaberg kommune inviterte til Open Gard.



Det har kome dyr på garden på Vistnestunet, og katta kosa seg i sola Foto: Ove Tennfjord

Vistnestunet har fått eigen bonde, Ivar Hodnefjell, som har kjøpt inn villsau, høns og hest. På Open Gard fekk dei frammøtte vera med og stedla dyra, og køyre med hest og kjerre. Randaberg skolekor og songaren Kristian Sunde hadde ein flott konsert, og i tunet var det forteljarstund og leikar for dei minste.

**[Tungenes Fyr]: ] JÆRMUSEET LANGS NOREGSKYSTEN**


Kystverket si hovudstasing i Kulturminneåret 2009 var eit tokt med det tidlegare fyrvedlikehaldsfartøyet M/S "Gamle Oksøy". I perioden 12. mai til 18. juni køyrde båten langs kysten frå Oslo til Hammerfest og attende til Kristiansand. "Gamle Oksøy" gjekk i hamn ein rekke

Fjordingen Hulda har funne seg godt til rette på Vistnestunet, og på Open Gard hadde ho det travelt med å køyra ungar heile dagen.



stader, og fekk vist fram eit levande kulturminne til eit stort publikum.

Kystverkmusea hadde i stor grad ansvaret for den praktiske gjennomføringa av toktet, og Jærmuseet var med på store delar av turen nordover. Ivar Reed Nakken og Eirik Gurandsrud mønstra på i Tanager etter den maritime festdagen 22. mai. På kvart av "Gamle Oksøy" sine stoppestader deretter sette Ivar opp eit oppblåsbart planetarium og underviste om korleis vikingane navigerte på havet.



M/S "Gamle Oksøy" på veg inn til Svolvevær med Skrova fyr i bakgrunnen. Foto: Simen Lunøe Pih

**[Vitenfabrikken]: ] DNA-JAKT PÅ VITENFABRIKKEN**

Sommarskulen på Vitenfabrikken vert arrangert for andre gong, og totalt 60 ungar frå 10 til 13 år er med på opplegget, som er eit samarbeid med avdelinga Fritid i Sandnes kommune. Målet med sommarskulen er at ungene skal få arbeida med fagleg rektige metodar, samstundes som dei har det gildt.

Det har vore innbrudd på Vitenfabrikken, og dei som er med på Sommarskulen får i oppdrag å finna tjuven. Her har politiet vore å skilta av området.



Dette året er ungane på DNA-jakt etter tjuven som stjal ein eksklusiv tempo sykkel. Politiet kjem på besøk, men på grunn av ressursmangel har dei ikkje tid til å etterforska saka, og treng hjelp av dei små detektivane på Vitenfabrikken.

Ungane samlar bevis som blod, hår og fingeravtrykk og skal i løpet av dagen finne fram til kven tjuven er. Sommarskolen kom igang sist veke, og detektivane var særst ivrige med å sikra gode spor. Tjuven skal ikkje sleppa lett unna - og tempo sykkel skal på plass igjen i utstillinga.

#### [Vitengarden]: ► EKSPERIMENTVEKE

I samarbeid med Hå kommune arrangerte Vitengarden for andre gong eksperimentveka for ungar i Hå mellom 10 - 13 år. I løpet av veka fekk ungane vera med på mange aktivitetar kor dei testa, erfarte og fann ut korleis ting fungerer. Mange rynka på nasen når dei måtte arbeida med kvitlauk, men var svært nøgde når dei klarte å få fram DNA'et i kvitlauken.

Populært var det å lære litt meir om korleis ein kan ta gode bilete i naturen med eit digitalt kamera. Alle har gått rundt med bleier, men kor mykje tiss toler ei bleie? Ungane testa med vatn og desilitermål og vart temmeleg imponert over kor stor mengde vatn ei bleie tåler før det renn over. I august ynskjer me ei ny gruppe velkommen til eksperimentveka.



Spikring av fuglekassar var ein populær aktivitet på Vitengarden.

#### [Limagarden]: ► BUKKENE BRUSE PÅ LIMAGARDEN

Gjesdal kommune og Jærmuseet inviterte til aktivitetsveke på Limagarden for 5. året på rad. Tilbodet har blitt svært populært, allerede 20 minutter etter at ein opna for påmelding var det fullt med 31 guttar og jenter!

Det vart ei flott veke i strålende solskin, med aktivitetar som å laga kvernkall, presse blommar og samla innsekt. Alle barna laga til ei forestilling om "Dei 3 Bukkene Bruse" som dei framførte for foreldra siste dag. Ei flott veke med stor pågang, må me kanskje ha to veker neste år?



På Limagarden var det dramatisering av "Dei 3 Bukkene Bruse". Her er eit av dei mange trolle som budde, under brua.

#### [Grødalaland]: ► FERIEKLUBB

På Grødalalandstunet i Hå er det tilbod frå 23. juni til 13. august for dei som er mellom 8 og 12 år. Ferieklubben vert arrangert av Jærmuseet og Hå kommune, og mange ungar ynskjer å vera med. Fyrste veka er unnagjort. I solsteiken fekk ungane laga is på gamle måten, dei kosa seg med å kle seg ut som barn i gamle dagar og hadde mange spanande aktivitetar. Ferieklubben vil gå fem veker denne sommaren, og andre besøkande til Grødalaland får òg vera med på aktivitetane og smaka på gammaldags mat.



Ungane på Ferieklubben liker å kle seg ut med klede frå gamle dagar.

#### ► UTFORSK SOMMAREN PÅ AVDELINGANE TIL ÅRETS MUSEUM!

Vitenfabrikken, Vitengarden, Tungenes Fyr, Limagarden og Grødalaland held opent heile sommaren og ynskjer publikum velkomne til mykje spanade aktivitetar.

På Vitenfabrikken kan du blandt anna sjå sommarutstillinga "En smakebit av Sandnes sin industrihistorie", delta i Diablo konkurranse eller vera med på daglege eksperiment med Fabrikkarbeidarane.

På Vitengarden kan du treffa bondekona som ofte byr på tradisjonsmat, vera med dyra, hoppe i høyet, gå tur i Hanabergmarka og utforska utstillingane.

Tungenes Fyr har i sommar kunstutstillinga "The earth turned to bring us closer" i uthuset. Utstillinga er ein film som er laga av dei skotske kunstnarane Matthew Dalziel og Louse Scullion. I kafeen på Tungenes står salsutstillinga "Tenk nytt" av Annlaug Auestad frå Randaberg.

#### BESØK NETTSIDENE VÅRE FOR EIT DETALJERT SOMMARPROGRAM!

#### ► GULLKORN FRÅ BARNEMUNN

Jærmuseet er dagleg i kontakt med nyvitne ungar - med dei mest fasinande kommentarane. I kvar utgåve av "Kva Skjer" vil me presentere noko av det som kjem frå dei små rundt på anlegga:

**Formidlar på Vistnestunet:** Me har mysta mange høner i det sista, og det er ikkje mink som har teke dei. Kva har skjedd?

**Eleven:** Dei har nok teke sjølv-mord!

**Formidlar på Vitengarden:** I dag har me besøk heilt frå Skien i Telemark, dei kom med fly.

**Eleven:** Snakkar dei bare utanlandsk?

...og så var det bydama som kom til Vitengarden og lurte på "hvilkjen spene kommer skummet melken fra?"...

## GOD SOMMAR!